

INNSPELSMØTE MED NÆRINGSLIVET

OPPSUMMERING FRÅ MØTE 22.05.2024 – 3 BORD MED 16 DELTAKARAR

Alle deltakarane var fordelt på bord med fire til seks personar. For kvart spørsmål skulle dei først reflektere sjølv, så presentere for dei andre i gruppa, før gruppa skulle bli einige om å prioritere to til tre av svara.

SAMANDRAG

Deltakarane frå næringslivet var samde om at Vestnes kommune si sentrale geografiske plassering midt i fylket, er ein av kommunens største styrkar. Vidare har vi ein flott og tilgjengeleg natur med kort avstand frå sjø til fjell. Kommunen er kjend for si serviceinnstilling, med raske sakshandsaming og kort veg til avgjerdstakarar. Sentrum er kompakt og sterkt med eit godt handel- og servicetilbod, og vi har eit rikt kulturliv. Skipsindustrien i verdsklasse set Vestnes på kartet internasjonalt. Andre styrkar som vart Nemnt, inkluderer allsidige innbyggjarar med brei kompetanse, godt samarbeid mellom kommune og næringsliv, rimelege idrettstilbod, og eit fredfullt og roleg miljø.

Næringslivet hadde store ambisjonar for framtida, med mål om fleire sentrale bustader, ny felles ungdomsskule og betre samferdsel og kollektivtilbod. Ingen skal stå utanfor arbeidslivet og vi skal ha glade barn og ungdom med tru på framtida. Ungdomen vår skal reise ut i verda, men ta med seg kunnskapen heim igjen. Det var òg semje om ny fleirbrukshall. Andre mål inkluderer meir fokus på sjølvberging og overføring av kunnskap og kompetanse frå den eldre generasjonen og dei nye innbyggjarane vår kring ressursutnytting, dyrking og preservering av mat. Deltakarene ønsker eit sterkt sentrum med gode tilbod som tiltrekkjer både innbyggjarar og besøkande, auka turisme, betre aktivitetstilbod for ungdom, lågare skattar, og fleire berekraftige næringar.

Vi treng godt samarbeid, både mellom kommunen og næringslivet, og mellom kommunen og fylket. Styrking av oppvekstvilkår for barn og tidleg innsats vart sett på som viktig. Nye måtar for skule og næringsliv å samarbeide på, vart også framheva. Vi må satse på innovasjon og tørre å ta i bruk ny teknologi. Andre nødvendige tiltak inkluderte rimelege bustader, betre vegar, tilrettelegging av tomter, og eit investeringsvenleg politisk klima.

For å nå måla desse måla, må ein ta tøffe prioriteringar og ha heilskaplege, langsiktige planar som står seg gjennom fleire politiske periodar. Eit godt samarbeid mellom kommunen, næringslivet og fylket er essensielt. Det er viktig å styrke oppvekstvilkåra for barn og fokusere på tidleg innsats. Ungdommen må ha rollemodellar dei kan kjenne seg att i, og ha rom for å feile. Innovasjon i samarbeidet mellom skule og næringsliv bør prioriterast.

Eit sterkt næringsliv med tilgjengelege og opne fagmiljø og evne til å tenke innovativt og ta i bruk ny teknologi, vil også vere viktig for å nå desse måla og å sikre skatteinngang til kommunen.

Deltakarane peikte på fleire utfordringar som kan hindre oss på vegen, som manglande samarbeid og delekultur. Mangel på kreativitet, nytenking og heilskapleg planlegging vart også trekt fram. Kommunens økonomiske situasjon kan hindre utvikling, likeins usemje om økonomiske prioriteringar.

På neste side kan du sjå ein oversikt over alle innspela:

Dei prioriterte svara er merka med stjerne og dei som har blitt Nemnt flest gonger er utheva i fet skrift.

STYRKER/KVA ER BRA I VESTNES?

- ❖ **Midt i fylket – Sentral geografisk plassering** (Nemnt av fleire i alle gruppe – prioritert i to gruppe)
- ❖ **Flott og tilgjengeleg natur med kort veg frå sjø til fjell** (Nemnt av fleire i kvar gruppe – prioritert i ei gruppe)
- ❖ **Serviceinnstilt «ja»-kommune – mogleg med direkte kontakt med sakshandsamar** (Nemnt av fleire i alle gruppe – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Kompakt og sterkt sentrum med eit godt handel og servicetilbod (Nemnt av fleire i alle gruppe – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Rikt kulturliv (Nemnt av tre – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Skipsindustri i verdensklasse (Nemnt av to – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Allsidige innbyggjarar med kunnskap og kompetanse innan fleire felt
- ❖ Samarbeid kommune – næringsliv
- ❖ Rimelege tilbod innan idrett
- Nærleik til mykje og ferja gir nærleik til Molde (Nemnt av fire)
- Fredeleg og roleg (Nemnt av to)
- Levande, aktiver bygder (Nemnt av to)
- Lav arbeidsgivaravgift
- Næringslivet
- Bredt fritidstilbod for alle aldra
- Mykje frivilligheit
- Tilhøyrslø
- Forhaldsvis aktivt landbruksmiljø
- Godt samarbeid mellom kommune og industri på beredskap

KOR VIL VI? KVA MÅL/VISJONAR/PLANAR HAR VI REALISERT INNAN 2036?

- ❖ **Vi har fleire sentrale bustader** (Nemnt av tre – prioritert av to gruppe)
- ❖ **Vi har ny felles ungdomsskule** (Nemnt av fleire i alle gruppe – prioritert av ei gruppe)
- ❖ **Vi har fleire gode tilbod i sentrum** (Nemnt av fem – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Vi har fleirbrukshall (Nemnt av tre – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Vi har glade barn og ungdom med tru på framtida
- ❖ Vi har ingen utanfor arbeidslivet
- ❖ Vi oppdrar «Vestnes-barn» som drar ut i verda og samlar viktig kunnskap før dei tek den med seg heim igjen
- ❖ Vi er ein føregangskommune i landet for samarbeid mellom skule og næringsliv
- ❖ Vi har meir fokus på sjølvberging (Andelslandbruk) Utnytte kompetansen som finst i kommunen frå eldre og frå innvandrarar om dyrking og preservering av matvarer. (Også eit integreringstiltak)
- ❖ Vi har ein tydeleg profil
- ❖ Vi har utvida skulane
- Vi har fleire innbyggjarar (Nemnt av fem)

- Sjøblomsten er i drift på Vestnes og har blitt ein turistattraksjon (Nemnt av to)
- Vi har betre samferdsel generelt og kollektivtilbod spesielt (Nemnt av to)
- Vi har fleire arbeidsplassar
- Vi har tettare integrering mellom skule og kulturliv
- Vi har meir turisme
- Vi har god samferdsel
- Vi har fleire aktivitetar for ungdom
- Vi har plass til å vere annleis
- Vi har auka tilbod om transport innan kommunen
- Vi har nok bustader til alle som vil flytte hit
- Vi har nytt idrettsanlegg i Vestnes idrettspark
- Vi har lågare skattar (eigedomsskatt, formueskatt)
- Vi har fleire berekraftige næringar
- Vi har badeplass på Kataholmen
- Vi har gangveg/tursti rundt heile Flatevågen
- Vi har sykkelveg rundt frå Vågstranda til Vestnes
- Vi har ny ungdomsskule på Gjermundnes – felles kompetansemiljø, med tettare samarbeid med næringslivet rundt
- Vi har fleire turistplassar
- Vi har mobildekning over Nakkedalen
- Vi har tilgjengelege bustadtomter
- Vi har bufellesskap for eldre (også moglegheiter for leie)
- Vi har lokalmat tilgjengeleg i butikkane
- Vi har meir eksport

KVA TRENG VI FOR Å NÅ DESSE MÅLA?

- ❖ **Tøffe prioriteringar og heilskaplege og langsiktige planar som står seg gjennom fleire periodar** (Nemnt av fleire - prioritert i to gruppe)
- ❖ **Samarbeid og samskaping** mellom kommunen og næringslivet, kommune og fylket (Nemnt av fire – prioritert av to gruppe)
- ❖ **Stryke oppvekstvilkår for barn** (Nemnt av to – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Tidleg innsats
- ❖ Rom for å feile
- ❖ Innovasjon i måten skuleinstitusjonar samarbeider med næringslivet. Heilt frå ungdomsskulen
- ❖ Rollemodellar barn og unge kan kjenne seg att i. (Vise at ein kan streve, men likevel snu det til suksess)
- ❖ Godt næringsliv som bidreg med skatteinngang
- ❖ Tilgjengeleg og opne fagmiljø
- ❖ Tenke innovativt og ta i bruk ny teknologi - døme: sjølvkøyrande bussar rundt fjorden
- Ny skule (Nemnt av to)
- Fleirbrukshall (Nemnt av to)
- Pågangsmot (Nemnt av to)
- Betre kollektivtilbod og oftare og raskare ferjer (Nemnt av to)

- Serviceinnstilt kommune (Nemnt av to)
- Halde seg til planar
- Folk
- Bygge merkevara Vestnes
- Store idear
- Slette ideen om «Slekt og venner AS», snu det til at den beste og mest kvalifiserte får sin eigenverdi og potensiale
- Investeringsvenleg politisk klima
- Offentleg forvaltning som støttar næringslivet
- Kompetanse
- Sjå handlingsrom for å integrere kulturliv og næringsliv med skule
- Sjå kva som er best for ungane
- Lågare kostnader
- Positivt kommunestyre/planutval
- Rimelege bustader
- Betre vegar – redusere reiseveg mellom Molde og Ålesund
- Økonomi
- Utbygging og tilrettelegging av tomter i sentrum
- Motarbeide fogderistrid – stå samla
- Møreaksen – styrke samferdsel
- Samarbeid
- Norge trenger bonden
- Beitedyr i fjellet
- Utvide småbåthamner – kai tilrettelagd for turisme
- Endra skattesystem – mindre eigedomsskatt, meir skatteinntekt frå oppdrettsnæringa
- TAF-linje på Gjermundnes
- Tilgjengeleg næringsareal rundt Gjermundnes
- Økonomi
- Endringsvilje
- Innovasjon
- Nok lærlingplassar
- Betre tid
- Tørre å tenkje annleis
- Samarbeid idrett, kultur, SFO

KVA KAN HINDRE OSS I NÅ MÅLA?

- ❖ **Manglande samarbeid/delekultur** (Nemnt av tre – prioritert av to gruppe)
- ❖ **Dårleg økonomi** (Nemnt av fleire i alle gruppe – prioritert i ei gruppe)
- ❖ **Lite kreativitet – mangel på nytenking** (Nemnt av to – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Mangel på heilskapleg planlegging
- ❖ Manglande attraktivitet
- ❖ Silotenking

- Mangel på nytenking
- Ulikt syn på økonomiske prioriteringar
- Vi sager av den greina vi sitt på
- Manglar «vi»-tenking
- Usemje
- At ein ikkje ser moglegheiter til å tenke alternative løysingar
- Fogderistrid i regionen (fylket)
- Mangel på samarbeid
- Mangel på kompetanse og trivsel på arbeidsplassane
- Spara oss til fant
- Gjengroing
- Nostalgisk på skulestruktur – våge å tenke nytt
- For lite eksport ut av kommunen
- Seier ja til alt – vik frå vedtekne planar
- Fokus på kva ein skulle hatt i staden for kva ein kan gjere med eksisterande ressursar
- Manglande omstillingsevne
- «Overbyråkratisering»
- Mangel på risikovilje
- Mangel på toleranse
- Bekvemmelighet